

Berekraftstrappa

Ta ansvar

Ta ansvar for framtida og ei berekraftig utvikling.

Handle

Påverke og medverke. Ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

Forstå

Få ei begynnande forståing for berekraftig utvikling, forstå at dagens handlingar har konsekvensar for framtida.

Utvikle

Innsikter om samanhengar i og mellom naturen og samfunnet. Utvikle kjærleik til naturen og andre menneske. Utvikle og oppretthalde vennskap. Utvikle evne til samarbeid, empati for andre, solidaritet og måtehald.

Oppdage

Oppdage artsmangfaldet i naturen: samle inn, observere, undersøke. Etablere relasjonar til andre menneske gjennom leik og anna samvær, oppdage at menneske er forskjellige.

Erfare

Vere i naturen, naturopplevingar, møte andre menneske, sosiale opplevingar, bli kjent med seg sjølv og andre menneske, oppleve glede og nysgjerrigheit.

Kommentarar til berekraftstrappa

Trappa må ikkje lesast som ei lineær føreseiing om at dersom bare barn får gode opplevingar i naturen vil dette automatisk føre til gode haldningar seinare i livet. Vi har mange eksempel på at personar som har hatt og har gode opplevingar i naturen, ikkje nødvendigvis lever eit berekraftig liv. På ei anna side kan det også hende at urbane personar utan mange naturopplevingar i barndommen, kan vere svært opptatt av berekraft og vel å leve beredyktige liv. Det er også gode eksempel på personar som blir tvinga til ein meir berekraftig åtferd (som må sykle pga. dårleg kollektivtilbod) bli opptatte av problemstillingar knytte til berekraftig utvikling.

Berekraftstrappa er tenkt som ei form for progresjon der stimulans av sansar og positive erfaringar møter dei yngste, men samtalar om samanhengar pregar samhandling med dei eldste i barnehagen.

Men hugs – alle menneske har godt av gode sanseopplevingar – i alle aldrar.

Berekraftstrappa er henta frå:

Kasin, O: (2019): *Bærekraftig utvikling, pedagogiske tilnærmingar i barnehagen*, Fagbokforlaget, Bergen